



Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd, prostane og bispedømekontora

Enklare rutinar for endring av opplysningar i Einingsregisteret – elektronisk verktøy

Lokalkyrkjelege organ har til no vore pålagde å nytte seg av papirskjema for å endre sine opplysningar i Einingsregisteret (*Samordna registermelding – hovudblankett*). Dette har vore tungvint. Brønnøysundregistra har i samarbeid med Statistisk sentralbyrå (SSB) no utvikla eit elektronisk verktøy for endring av opplysningar som også sokneråd og fellesråd kan nytte. Dette gjer det langt enklare å registrere og oppdatere opplysningar om einingar i Einingsregisteret, og Kyrkjerådet vonar det nye verktøyet kan medverke til at kvaliteten på opplysningar om kyrkjelege råd no blir heva.

Verktøyet for elektronisk registrering for blant anna sokn og fellesråd, «*Registrering for einingar i offentleg forvaltning*», finn ein på følgjande nettside:

<https://www.altinn.no/nn/Skjema-og-tenester/Etater/Bronnoysundregistrene/Registrering-for-einingar-i-offentleg-forvaltning-Samordna-registermelding/>.

Nettsida kan ein òg søkje opp gjennom www.altinn.no, under menyen «*Skjema og tenester*».

The screenshot shows the Altinn website interface. The browser address bar displays the URL: <https://www.altinn.no/nn/Skjema-og-tenester/Etater/Bronnoysundregistrene/Registrering-for-einingar-i-offentleg-forvaltning-Samordna-registermelding/>. The page title is "Registrering for einingar i offentleg forvaltning (Samordna registermelding)". Below the title, there is a description: "Registrering av nye og endring av noverande einingar i offentleg forvaltning." A large button labeled "Gå til tenesta" is prominently displayed. To the right, there is a sidebar with a search bar and a list of services: "Skjema-/tenesteeigar", "Brønnøysundregistrene", "Sjå også", "Emner", "Endringar og opphøyr", "Flytting og adresseendring", "Organisasjonsform", and "Organisasjonsnummer". Below the main content, there is a section titled "Kort om tenesta" and a list of organizational forms: "Administrativ eining", "Fylkeskommune", "Kyrkjeleg fellesråd, sokn eller kyrkjelyd", "Kommune", "Staten", and "Organisasjonsledd".

For å nytte denne tenesta er det naudsynt å logge seg på gjennom ID-porten. Den som skal administrere registrering av opplysningar om eininga, må ha fullmakt til dette. Dersom det ikkje er tildelt fullmakter eller fullmaktene er utdaterte, er det framleis mogleg å nytte seg av den elektroniske løysinga, då denne ikkje er heilautomatisk. Det er

mogleg å leggje ved skanna dokumentasjon som gjeld fullmakter. Dersom ein skal registrere ein ny dagleg leiar utan at det finst ein person som er autorisert til å godkjenne på Altinn, kan ny dagleg leiar altså leggje til seg sjølv som dagleg leiar, laste opp dokumentasjon på fullmakta og så sjølv signere endringa digitalt.

Kyrkjerådet vil peike på at dei ikkje har hatt høve til å teste denne løysinga. Det blir difor vist til brukarstøtte for Altinn, som ligg på følgjande nettadresse:

<https://www.altinn.no/nn/Portalhjelp/Kontakt-Altinn-brukarservice/>

Stadig fleire løysingar er avhengige av oppdaterte opplysningar i Einingsregisteret


Kontaktopplysningane i Einingsregisteret blir allereie nytta på internett- og intranettløysingane våre, på valkort til kyrkjeval og i Dei kyrkjelege registra. Kyrkjerådet vil i august lansere ein ny funksjon på kyrkja.no der alle med norsk personnummer kan logge seg på med ID-porten for å sjekke sin medlemsstatus og eventuelt melde seg inn eller ut av Den norske kyrkja. Det vil komme meir informasjon om dette når lansering av løysinga nærmar seg, men allereie no vil Kyrkjerådet peike på at det er særskild viktig at **post- og besøksadresse, webadresse og særleg e-postadresse** er korrekt registrert i Einingsregisteret. Den nye løysinga vil blant anna krevje kommunikasjon via e-postadresser henta frå Einingsregisteret, så den nye løysinga vil ikkje fungere som planlagt utan at desse opplysningane er oppdaterte.

Kyrkjerådet viser elles til rundskriv nr. 1 – 2014. Informasjonen i dette rundskrivet om korleis ein oppdaterer opplysningar i Einingsregisteret er no utdatert, men ansvaret til einingane for å ajourføre sine opplysningar gjeld framleis. Alle einingar er pålagde å ha oppdaterte opplysningar i Einingsregisteret, og det er opplysningane i Einingsregisteret som ligg til grunn for alle dei katalogane med adresse- og kontaktinformasjon Kyrkjerådet nyttar.

Oslo, 10. juni 2016,



Jens-Petter Johnsen
direktør i Kyrkjerådet



Ole Inge Bekkelund
avdelingsdirektør for kyrkjeordning